



Arkivnr: 2018/11085-2

Saksbehandlar: Jostein Fjærestad

Saksframlegg**Saksgang**

Utvål	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		18.06.2019

Avtale - Overføring av dei statlege fiskerihamnene til regionane**Samandrag**

Som ledd i regionreforma skal dei statlege fiskerihamnene overførast frå Kystverket til fylkeskommunane frå og med 1. januar 2020 etter avtale med den enkelte fylkeskommune.

Av dei 158 hamnene som Kystverket har i området for Vestland fylkeskommune, er 108 av dei aktive eller har hatt noko aktivitet dei seinaste åra. Hamnene som ikkje er aktive – 50 stk – skal Kystverket selje innan overlevering til Vestland fylkeskommune. Dei som ikkje blir selt innan 2019, blir overlevert fylkeskommunen saman med dei aktive hamnene 1. januar 2020.

Kystverket har samla inn, digitalisert og organisert tilgjengeleg dokumentasjon for fiskerihamnene. Omfanget av dokumentasjonen er god og gjev eit godt grunnlag for vidare drift.

Fylkeskommunane vil få tilført frie midlar gjennom rammeoverføringane knytt til ansvaret for fiskerihamnene. Rammeoverføringane vil bli handsama på departementsnivå.

Kostnad knytt til drift av hamnene er svært usikker. Dagleg drift er i dag i hovudsak utført og kosta av kommunane dei er lokalisert i, men det er få skriftlege avtalar som sikrar denne drifta. Kostnader knytt til oppsynet med hamnene er av Kystverket munnleg anslege til 2 stillingar for Vestland fylkeskommune. Basert på overleverte tilstandsrapportar frå perioden 2013-2016, er vedlikehaldsetterslepet berekna til 50 mill. kroner. Det vil innan 1. juli i år bli gjennomført synfaring på fleire hamner for å redusere usikkerheita i det berekna vedlikehaldsetterslepet.

Fylkeskommunane står fritt i den vidare forvaltninga av fiskerihamnene. Utarbeidd avtale for overføringa er vedlagt saka.

Forslag til vedtak

1. Fellesnemnda godkjenner den vedlagte avtalen om overføring av statlege fiskerihamner frå staten ved Kystverket til Vestland fylkeskommune.
2. Fellesnemnda føreset at kostnadene på oppgåvene som vert overført blir dekka.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Jostein Fjærestad
eigedomsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

- 1 Brev frå Kystverket med avtale
- 2 Notat frå Sweco
- 3 Vurd. av vedlikehaldsetterslep - SFFK
- 4 Vurd. av vedlikehaldsetterslep - HFK

Prosjektleiar, 29.05.2019

1. Bakgrunn

Som ledd i regionreforma skal dei statlege fiskerihamnene overførast frå Kystverket til fylkeskommunane frå og med 1. januar 2020 etter avtale med den enkelte fylkeskommune.

Det har vore gjennomført oppstartsmøte mellom representantar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune og Kystverket. Kystverket har samla all dokumentasjon dei har for fiskerihamnene og digitalisert dette. Dokumentasjonen er organisert for kvar fiskerihamn og overlevert til den enkelte fylkeskommune. Det er også gjennomført nettopplæring for den overførte dokumentasjonen i fleire rundar.

Av dei 158 hamnene som Kystverket har i området for Vestland fylkeskommune, er 108 av dei aktive eller har hatt noko aktivitet dei seinaste åra. Hamnene som ikkje er aktive – 50 stk – skal Kystverket selje innan overlevering til Vestland fylkeskommune. Dei som ikkje blir selt innan 2019, blir overlevert fylkeskommunen.

Fylkeskommunane står fritt i den vidare forvaltinga av fiskerihamnene.

2. Dokumentasjon

Overlevert dokumentasjon frå Kystverket er innsamla, digitalisert og organisert på ein god måte. Omfanget av dokumentasjonen er god, og samla gjev det eit godt grunnlag for vidare ansvar. I dokumentasjonen er det også tilstandsvurderingar frå 2013-2016 for dei fleste hamnene, utarbeidd av ein fagseksjon i Kystverket. Nokre hamner manglar likevel ein del dokumentasjon. Generelt er dokumentasjonen spesielt mangefull knytt til avtalar om driftsansvar med dei lokale kommunane. Dette er i noko grad knytt til at dette ansvaret berre er dokumenter i gamle politiske vedtak i kommunane.

3. Økonomi

Fylkeskommunane vil få tilført frie midlar gjennom rammeoverføringane knytt til ansvaret for fiskerihamnene. Rammeoverføringane vil bli handsama på departementsnivå.

Kostnader knytt til drift av hamnene er svært usikker. Dagleg drift er i dag i hovudsak utført og kosta av kommunane dei er lokalisert i. Vedlikehald og utvikling er utført og kosta av Kystverket. Oppsynet med hamnene er av Kystverket munnleg anslege til 2 stillingar for Vestland fylkeskommune. Det er, som omtala under pkt. 2. *Dokumentasjon*, få skriftelege avtalar med kommunane om dagleg drift. Sjølv om kommunane sørger for den daglege drifta for dei fleste fiskerihamnene, er det sjølv sagt ein vesentleg risiko for at dette arbeidet kan bli fylkeskommunen sitt ansvar i framtida for fleire hamner.

Det er sett i gang eit arbeid for å vurdere vedlikehaldsetterslepet for fiskerihamnene som skal overførast Vestland fylkeskommune. Arbeidet blir gjennomført i to fasar. I første fase er det ei vurdering av vedlikehaldsetterslepet basert på dei mottekte tilstandsvurderingane. I fase to vil hamnene med størst risiko og kostnad bli synfart for å få eit meir presist anslag på vedlikehaldsetterslepet.

Første fase er gjennomført og resultatet er vedlagt denne saka. Fase to vil bli utført innan 1. juli i år.

Vedlikehaldsetterslepet er berekna til om lag 10 mill. kr + 18,5 mill. kr eks mva. Dette inkluderer berre entrepriserkostnad. I tillegg kjem kostnader til prosjektering, anskaffing, prosjektleiing og mva. Samla vil kostnaden for vedlikehaldsetterslepet vere om lag 50 mill. kr inkl mva. Sidan dette er basert på tilstandsrapportar frå perioden 2013-2016, er det truleg at det kan ha blitt fleire kostnadselement etter den tid. Dette vil i stor grad bli synleggjort i fase to av kartlegginga av vedlikehaldsetterslepet.

Ut frå den foreløpige vurderinga av vedlikehaldsetterslepet, er det naudsynt med ei årleg investering på om lag 10 mill. kr dersom ein skal oppretthalde aktivitet på alle fiskerihamnene.

4. Avtale

Vedlagt følgjer endeleg forslag til avtale frå Kystverket. Avtalen er planlagt signert 13. august 2019.